Det er sluttsummen på kassalappen som teller
REMA 1000

NÆRINGSLIV | 18. FEB. 2024

FOR MEDLEMMER

Lyse tider for Lysehagen

Over 70 interessentar har mekt seg. Vi har vore på synfaring i det store tomteområdet.

Utsikt frå tomt 64 mot tomt 61. Øyvind Bertelsen og Eva Drageset Solli saman med den omskjerma, fribrene tomteområdet (Ingjald_mæchlem på synfaring. (Foto: Kjetil Vaaby Brusøey)

KJETIL VAABY BRUSØEY
SØNDAG 18. FEB. 2024 20:28

I fjor sommar blei gang- og sykkelvegen langs Sperrevikvegen opna, ett rekkefølgekrav utbyggar var med på å finansiera.

Laurdag 3. februar opna utbyggar for at interessentar kan melda seg. Sjølve salstarten er 1. juni.

84 av dei 115 nye einebustadtomtene skal utviklast av Sperrevik AS, ett firma Drageset-familien eig 85 prosent av.

Interessa for Lysehagen viser seg å vera stor.

– Vi passerte 70 interessentar i løpet av dei 10 første dagane, fortel Eva Drageset Solli.

– I går kom det 2-3 til, det har óg kome ein i formiddag, supplerer styreleiar og medeigar Øyvind Bertelsen torsdag.

I dag, søndag, er det òpne i rundt 80.

Lysehagen består av gnr. 15, bnr. 8, 57, 65 og 66 i Bjørnafjorden kommune, heilt inntil grensa med Bergen kommune.

– Det er fleire fine bustadprosjekt i bygda, men ikkje mange stadar du kan bygga det du ønskjer. Fint tomteområde og stor fridom ser ut til å vera attraktivt.

Torsdag var vi på synfaring i området:

Bildeserie: Full skjerm

Lysehagen består av 84 tomter. (Norkart) 1 av 6



– Kvar kjem interessentane frå?

– Dei fleste er frå Bjørnafjorden kommune og Bergen.

– Er det óg nokre som har spørsmål utover det at dei vil stå på lista?

– Det spør kva prisane vil ligga på. Det kjem vi med i detalj i mai, nærmare salstart. Prisane på dei fleste vil ligga mellom 2 og 3 millionar kroner, men vi får nok spekteret frå 1,5 til 3,5 millionar.

Tomtene blir frå 507 til 979 kvadratmeter store med utnyttingsgrad på BYA 30 prosent.

Alle bustadane kan byggast over to plan, fleire av dei kan ha kjellar, for eksempel for utleigebustad.

Utsikt frå tomt 26 over tom 25 og ut i Lysefjorden. (Foto: Kjetil Vaaby Brusøey)

Det solrike området er omkransa av furuskog, har turstti direkte mot Lysholm og kort veg til sjø.

Det er planlagt fleire leikeområde, nokre oppbarbeidde, andre som frie fellesområde i skog. Kommunen sitt komande friluftsområde på Leirvågsneset er nærmaste nabo.

Mange av tomtene har utsikt over Lysefjorden, Lysøya og Korsfjorden.

– Den eine delen av området, ett høgdedrag nær kommunegrensa, kunne blitt den kanskje finaste bustadtomta. Men på toppen er ei slengdisse og spor etter fri leik.

– Vi lar dette stå urørt, kanskje supplert med ein benk, så heile nabolaget kan ha glede av denne fine kollen med den ekstra gode utsikta.

Bildeserie: Full skjerm

Inst i fellet, nær komande ballbinge, ligg Lomatjørno. Og ett vidare frå Lysholm. (Foto: Kjetil Vaaby Brusøey) 1 av 3



I inste del av fellet, ved sidan av der ballbingen skal byggast, ligg Lomatjørno. Om vinteren, når isen er farbar, er det ein fin plass å stå på skøyter.

– Har folk kjeka å finna sine favorittar?

– Ja, nokre har det, og sagt i frå kva tomtenummer dei helst vil ha. Vi skal utarbeida prislliste etterkvart, og er det fleire interessenter på same tomt, blir det løyst med bodrunde.

– Blir det fleire byggetrinn?

– Ja vi skal dela det opp i fleire byggetrinn. Kor mange som blir lagt ut i første byggetrinn er foreløpig ikkje bestemt, men vi reknar med at vi i første omgang vil legga ut mellom 15 og 25 tomter.

– Før salstart 1. juni reknar vi med at vi er klare med asfaltert veg, fortau og gatelys, sånn at interessentane kan sjå kor fint område dette er seier Bertelsen og Drageset Solli.

VI SØKER ARBEIDENDE FORMANN
Frist: 24. februar
Søknad med CV til: cloug@normaer.no

Nor-Mær har stadig nye og spennende prosjekter, og søker nå arbeidende formann for å styrke teamet vårt. Vi er på jakt etter deg som har bred erfaring innen mekanisk industri.

Vi kan tilby en spennende og utfordrende stilling i et hyggelig og uformelt miljø.

NOR-MÆR

LES MEIR OM

Næringsliv Eigedom

SANFERDSLE | 15. AUG. 2023
Ny gangveg i Sperrevika: Markering før skulestart

POLITIKK | 22. MAI 2023
Heile arealplanen endeleg vedtatt - etter strid om to punkt

DEBATT | 16. FEB. 2024
Kommunen si investering flaumer over av boss

SANFERDSLE | 08. NOV. 2023
Hastetøysing er sett på vent

SANFERDSLE | 21. FEB. 2023
Bygger trygg skuleveg i Lysefjorden

POLITIKK | 21. APR. 2021
Skal betala trygg skuleveg - undrar seg over kommunal og statleg kuvending

Gå til forsiden

Takk for at du abonnerer på Midtsiden

Vi set stor pris på at du vel å abonnera. Det hjelper oss på veg til å kunna dekka endå meir av alt som skjer i Os!

Hald deg oppdatert
på dyrelivet i Os
Bli abonnent